

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1258  
5943 Austrheim

# Fredsmarkering Selsøy 08.mai

Skyssbåt frå Baløykaaien frå  
kl. 09.30 til ca 10.40

Programmet startar kl. 11.00

Matøkt. Ta med mat og drikke  
Høve til tur til radiohytta, Risor II,  
og tur til husmannsplassen

Skyss tilbake etter behov.

*Vel møtt!*  
*Arr. Neptun Seniorklubb*

Kyrkjebakken nr. 4 – 2024 – aprilnummeret – årgang 53- Nytt stoff innan 1 juni



**KYRKJEBAKKEN**  
Informasjonsblad for Austrheim sokn





# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.

## Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslau 414 57 215  
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

Stein Hugo Fykse	909 60 154
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar	
Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

### Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:  
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Jostein Hauge,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal, Britt Rebnord, Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

**Fredag 26.april kl. 19.00**  
**Samtalegudsteneste**

**Laurdag 04.mai kl. 13.00**  
**Dåpsgudsteneste**

**Onsdag 08.mai kl. 11.00**  
**Fredsmarkering med**  
**gudsteneste på Selsøy**

**Fredag 17.mai kl. 10.00**  
**Festgudsteneste**

**Søndag 19.mai kl. 12.00**  
**Pinsedagsgudsteneste**

**Søndag 26.mai – kl. 10 og 12**  
**Konfirmasjon**



**ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?**

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1/4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!



## Kom, for alt er gjort ferdig!

Gud er kjærleik. Det er den raude tråden gjennom heile Bibelen. Gud ikkje berre har kjærleik. Han er kjærleik. Kjærleik tvers igjennom - det er hans vesen.

Gud elska oss så han let Sonen sin i døden. Den største og kjæraste, sin einaste Son.

Det var ikkje til menneske som elska han at han kom, men til ei fallen slekt, til ei verd som hadde vendt han ryggen, - og stadig vil gjera det. Likevel: Vi er elska av Gud. Dyre og kjære for han. Ordet å gje er eit av dei viktigaste i trua. Den som elsker gjev. Gud elska så han gav.

Stundom har eg fått gåver eg nesten skulle ynskje eg ikkje hadde fått. Det vart for mykje. Følte eg vart ståande i gjeld. Gåva var ikkje fortent. Det er ikkje alltid lett å ta imot. For oss er det naturleg å tenkje fortene.

Guds kjærleik til oss er ufortent. Han knyter ikkje gåva si til det han får att for henne. Gud er ikkje bereknande. Nåden har ingen konto for tap og vinning.

Kva er det du tenkjer på når du ser kyrkja di? Kva forbind du først og fremst med kyrkje og kristendom?

Er det helst krav. Mange umoglege krav? Unngår folk kyrkja for å unngå fleire krav og endå meir kjenle av å ikkje strekkja til?

Kvifor er det slik mange oppfattar eller endå opplever kyrkje og kristendom?

Er det forkynninga som har kome til kort? Er det noko med måten vi kristne lever på? Eller er det kanskje berre slik at vi lettare fattar bod enn evangelieord?

Mange oppfattar trua som eit krav. Noko det gjeld å få til. Ein prestasjon. Og så får vi det ikkje til. Kvifor plaga seg med ting ein aldri får skikk på?

«Gud syner sin kjærleik til oss med di Kristus døyde for oss medan vi endå var syndarar», skriv Paulus.

Gud gav lenge før vi kunne noko som helst. Og Gud har halde fram med å gje: Han gav oss livet då vi vart til i mor - lenge før vi visste noko. Han gav oss trua i Dåpen - lenge før vi kjende han. Lenge før vi var i stand til å tenkja og tru på han. I Dåpen vart vi Guds born. Det var ikkje eit resultat av ein eller annan prestasjon, korkje frå vår side eller frå dei som bar oss til Dåpen.

Kom, for alt er er gjort ferdig, lyder invitasjonen når vi feirar Nattverd. Alt er ferdig! Ingenting kan vi gjera til eller ifrå. Nattverden er for syndarar. Den er for deg som veit at du ikkje får til å leva slik du skulle. Nattverdbordet er ikkje noko premiebord. Nattverden er for alle som trur på Jesus. For alle som ynskjer å fylgja Han. Vi treng Jesus alle som ein. Vi treng det han så gjerne vil gje oss. Eg treng å ta imot Jesus - også ved nattverdbordet.

**Kom, for alt er gjor ferdig!**  
**Stein Hugo Fykse**

# KONFIRMASJON AUSTRHEIM 26.05.24



## KONFIRMANTER KL. 10.00

Eirik Mikal Daae  
Albert Larsen Grimelid  
Theodore Conrad Generoso Lervaag  
Chris-Rene Dyngeland Monslau  
Joar Natås  
Ingrid Natalie Loftås Haugen  
King Verity Sibose  
Arjen Stueland Sigvathsen  
Aron Steindal  
Oddvar Midtbø Steinsøy  
Henrik Lohne Thorsen  
Victoria Rambjørg Veland  
Torgeir Flotve Vik  
Bjørn Yinghao Ystanes  
Oliver Sundal Ytre-Hauge  
Even Ånneland

## KONFIRMANTER KL. 12.00

Emil Bertelsen  
Sara Antonette Brandtun  
Sander-Emeel Bruaas  
Halvard Brügger  
Maya Arentsen Langøy  
Matilde Steffensen Ellingsen  
Linea Mæland Endresen  
Lucas Neo Nygaard  
Casper Nyheim Fønnes  
Sander Hansen Fresvik  
Anna Brekklus Hay  
Trym Astor Thorsen Hjelmeland  
Jonas Kaland  
William Eriksen  
Peter Landa

### Tusen takke

Tusen takk for blomar, fine helsingar og all omtanke i samband med Tore Håland sin bortgang. Me vil også takka alle som deltok i Tore si bisetjing. Ein ekstra takk til Tone Marit og Jostein som bidrog til ei fin avskjedsstund i kyrkja.

Helsing Norunn m/familie

## Austrheim sokn

### Gravlagde

19.01.2024: Tore Håland (bisetjing) f. 1951  
26.01.2024: Odd Monslau (bisetjing) f.1947  
27.02.2024: Bjørn Tore Njøten f.1944  
19.03.2024: Jørgen Thumyr Thorsen (bisetjing) f.1933  
19.03.2024: Egil Børilden f.1939  
05.04.2024: Erling Olav Kvamme f.1935

### Døypte

31.mars

Amélie Åsbu Petterson  
Tiago Sell Tanaia  
Vetle Austrheim Nordgard

14.april

Frida Finvåg Solberg

### Dypt takkenemlig

Vi er dypt takknemlig for deltakelse, varme helsingar, vakre blomster og gave til kreftforeningen ved vår kjære mann, far, bestefar og oldefar, Egil Børilden's bortgang.

Helsing familien

### Takke

til diakoninemnda for hjarteskokoladen eg fekk på dagen min. Takk til Helge Dyrkolbotn som kom med den.

Helsing Einar Synnevåg

### Takke

Takk for god hjarteskokolade på min 85 års dag. Anny var travelt opptatt, så ho sendte søster Lilly. Me hadde ein veldig triveleg ettermiddag.

Helsing Helene

### Hjarteleg takke

til Austrheim Diakoninemnd for helsing og gåve i samband med 91-årsdagen min.

Helsing Solveig Rørtveit







# Pengegaloppen

I KB er det ein serie som heiter «Min Salme». Den kjende sangen Pengegaloppen av Vidar Sandbeck er nok ikkje ein song som kjem med der. Men av og til kan vi som sit i soknerådet kjenne på det som det står i sangen «Ja de penga, ja de penga er til bekymring for fattig og for rik» som noko vi og slit med.

Saka er at Austrheim sokn slit med at utgiftene har vokse meir enn inntektene, og dette veit vi alle at ikkje er noko berekraftig over tid. I 2023 fekk vi eit underskot på om lag 500.000 kroner. Dette skuldast auka renteutgifter, lønskostnader, auka utgifter til straum i kyrkja og på kyrkjelydshuset, ekstra innbetaling til KLP på om lag 300.000 kr og diverse andre ting. Det er gode forklaringar på alt.

Finansieringa av sokneråda i Noreg er slik at det etter Trussamfunnslova § 14 er kommunane som gjev tilskot til lokal verksemd i kyrkja, også tilskot til bygging, vedlikehald og drift av kyrkjebygg. Soknet har «i alle år» hatt eit godt samarbeid med Austrheim kommune når det gjeld kyrkja og alt som høyrer til. Diverre har tilskota ikkje vore heilt tilstrekkelege dei siste åra, noko som har gjort den økonomiske situasjonen vanskelegare dersom vi ynskjer å oppretthalde drifta på nivået vi i dag har. I tillegg til tilskot frå kommunen mottek soknet noko midlar frå staten, såkalla trusopplæringsmidlar. Heldigvis har vi faste gjevarar som bidreg med om lag kr. 100.000,- pr. år. Dette er svært kjærkomne pengar som går til trusopplæring og diakonalt arbeid.

Korleis får vi så drifta til å gå rundt? Underskot vert dekkja gjennom å bruke av ubundne fond som har vore opparbeid dei åra det har vore «overskot» i drifta, og det er midlar frå testamentariske gåver som vi har motteke opp gjennom åra.

Kva kan vi gjere framover? For fleire år sidan hadde soknet tidlegare biskop Halvor Nordhaug på besøk. Han var heilt klar på at Sokna måtte klara seg meir sjølv med tanke på økonomien. Austrheim sokneråd driv svært nøkternt, og vi tenkjer vi må prøve å auke inntektene gjennom fast gjevarteneste og gåver.

**Kunne du tenkja deg å bidra med gåver eller som fast gjevar, så vil du utgjera ein forskjell. 10 nye faste gjevarar med 1000 kr pr måned utgjær 120.000 kr på eit år. Same summen kan 20 gjevarar gjera med kr. 500,- pr måned. Alle summar hjelper på. Mange tenkjer ikkje så mykje på kyrkja og aktivitetane i det daglege, men dei aller fleste austrheimingar er glade i kyrkja vår og har eit godt forhold til den. Om du vil bidra kan du ta kontakt med kyrkjeverge Leif Arne Økland på tlf. 40065231**

**Tusen takk for støtte**  
**Helge Dyrkolbotn Leiar i Austrheim sokneråd**



## UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

### Frist innlevering:

1.juni  
16.august  
14.september

### Kyrkjebakken kjem ut:

13.juni  
28.august  
25.september



## BASAR

Lindåsneset sanitetslag har basar på sanitetshuset på

**Litlås 1.mai kl.16**

**Det vert :  
Loddsal  
Åresal  
Servering**

**Velkommen**



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggbøe@online.no



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



*Oppussing av  
gravmonumenter*

Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

VATNE  
begravelsesbyrå DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto  
vatne-byra.no

## GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.  
Se på utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

**PH** | NORDHORDLAND  
BEGRAVELSESBYRÅ  
PHEDER



Marit K. Haukeland Marita Haukeland Solvi H. K. Mjøs Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no) • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug

# ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 5. mai. Søndagsmøte v/Norhordlandsmusikken.  
Song vitnemål og tale. 11:00.

Mandag 20. mai. Formiddagsmøte 11:00. Asle Hetlebakke talar.


Søndag 9. juni. Søndagsmøte kl 11:00 Jan Rantrud talar.

Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdagar 18:00-19:30  
Bønensamlingar. Sjå heimesida for tidspunkt.

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.







Mastrevik torg

Velkommen til ein god handel!

Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar  
Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik



## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Tysdag 10-15  
Onsdag 14-19  
Fredag 10-15

## FONNES FILIAL

Fonnes filial har flytta til nye og fine lokale på Kaland skule.

Du finn oss vegg i vegg med barnehagen, inngang ved den gamle naturfagsalen i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Den nye filialen har fokus på barnebøker.

*Filialen vil vera open for publikum annankvar torsdag (oddetalsveker) 10-16.00.*

Følg oss gjerne på facebook

## GOD BOK



### KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel  
Tlf: 40 90 02 16  
Sætre marka 2 -k-hus  
Tysdag ,Torsdag og Fredag

### DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson  
Tlf: 96 62 66 56  
Sætre marka 2 -K-Hus  
Tysdag , Onsdag og Torsdag

# LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgnet.

Legevakt 116117

## AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

08.30- 15.00

Telefontid: 08.30 - 12.00 og

13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

**INGEN RESEPTBESTILLING  
MÅNDAGAR!**

## ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13



## TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen  
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42  
56 16 21 38

Høyrskontakt i  
Austrheim 56 16 21 23

AUSTRHEIM KULTURSKULE  
40 ÅR  
**JUBILEUMSKONSERT**

&

**KULTURPRISEN 2024**



**KONFERANSIER  
FRODE SKAG  
STORHEIM**



**ELEVAR,  
GJESTAR, KOR  
OG KORPS**



**UTSTILLING**

**GRATIS INNGANG**

Arrangør: Austrheim Kulturskule, Frivilligsentralen,  
Kulturreininga og Ungdomsklubben

**AUSTRHEIMHALLEN  
FREDAG 3. MAI**

**KL.  
18.00**

**DIN RØRLEGGER  
I DISTRIKTET !**

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



**Panasonic  
Varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no

*Oppussing av  
gravmonumenter*

Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

**VATNE**

begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto


vatne-byra.no

**GRAVMINNER**

Norsk design og produksjon.  
Se på utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



Marit K. Haukeland Marita Haukeland Solvi H. K. Mjos Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no) • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug



# Min Salme



Det er mange nydelege salmar. «Jesus det eneste» er ein salme eg har hatt med meg i over 30 år. Det er ein salme til trøyst, og ein salme som gjer meg takknemleg. Uansett kor utfordrande livet kan vere kan me alltid kome, til Jesus. Me har nettopp feira påske, og ikkje minst i Jesu si lidning kan eg kjenne at han forstår oss betre enn nokon, og ikkje minst alle i verda som lid no. Til slutt kan me få kome inn i hans herlegdom, det gjev håp.

*Salmen er skriva av Ole Theodor Moe i 1904.*

Jesus, det eneste,  
helligste, reneste  
navn som på menneskelepper er lagt!  
Fylde av herlighet,  
fylde av kjærlighet,  
fylde av nåde og sannhet og makt!

Motganger møter meg –  
aldri du støter meg  
bort fra din hellige, mektige favn.  
Mennesker glemmer meg,  
Herre, du gjemmer meg  
fast ved ditt hjerte og nevner mitt navn.

Herre, du høre meg,  
Herre, du føre meg  
hvordan og hvorhen det tjener meg best!  
Gi meg å bøye meg,  
lær meg å føye meg  
etter din vilje mens her jeg er gjest!

Du er den eneste,  
helligste, reneste.  
Gi meg ditt rene og hellige sinn!  
Frels meg av snarene,  
fri meg fra farene,  
ta meg til sist i din herlighet inn!

*Kari Kaland Vestbøstad*



Det er veldig kjekt at me har fått knøttekor i kyrkja. Det er ein god gjeng som saman med Gunn Dyrkobotn og Olaf Aarvold øver i kyrkja annankvar tysdag. Søndag 14.april hadde dei ein flott framføring på familiegudstenesta, og dei skapte veldig god stemning for alle framførte.

## ØNSKEKONSERTEN



Måndag 13.mai kl.17.00

Velkomen til Ønskekonserten på Årås bedehus. Her har me plukka fram den gode gamle songboka- og **du** skal få bestemta kva songar me skal syngje saman.

Det vert mykje allsong, ord for dagen og kaffi med noko godt attåt.

